

BRUKARUTVALET I HELSE MØRE OG ROMSDAL HF

Protokoll nr. 04/18

Møte 12.06.2018

Tilstades: X

Medlemmer:

- X Ingrid Løset, leiar
- X Ann Helene Skare, nestleiar
- X Atle Tangen
- X Hilde Marie Kleiven
- X Anne Grete Mogstad
- Asbjørn Ringdal Gausdal
- X Torill Bøe
- X Inger Nossen Sandvik
- X Jakob Strand

Varamedlemmer:

- Daniel Ask
- Ann Elida Solheim
- X Anton Iversen

Administrasjonen/Stab: ass.direktør Helge Ristesund
Hilde Amundsen Flø, sekretær

Andre:

Frå HMR:
Ole Lorvik, Mette Grytten og Anne Hollingen

Frå Pasient og brukarombodet i Møre og Romsdal, Runar Finvåg og Marianne Glærum,

Møtet i Brukarutvalet vart holdt på Knausensenteret i Molde og starta kl. 10:00.

Leiar Ingrid Løset leia møtet og ønska alle velkomen.

Følgjande saker vart behandla:

BU 28/2018 Godkjenning av innkalling og sakliste samt underskrift av protokoll nr. 03/18 frå møte 16.04.18.

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkalling og

sakliste til møte 12.06.2018.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkalling og sakliste til møte 12.06.2018.

Protokoll nr. 03/18 som vart godkjent i møte 16.04.18, vart underskriven av brukarrepresentantane.

BU 29/2018 Orientering frå Adm. direktør

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek informasjonen til vitande.

Adm. direktør orienterte om:

- SNR - styresak 2018/32 - SNR - Anbudsprosess.

Protokoll:

Brukarutvalet ser det som svært alvorleg at anbodskonkurransen er foreslått avlyst. Brukarutvalet meiner vidare at Sjukehuset i Nordmøre og Romsdal (SNR) må realiseras i tråd med dei vedtaka som er gjort. Brukarutvalet meiner vidare at eventuell utsetting av byggjeart for SNR må bli så kort som mogleg med omsyn til brukarar, dei tilsette og vidare rekruttering.

Brukarutvalet føreset at brukarane får vere med i den vidare prosessen for å realisere SNR.

Andre orienteringar:

- Mediasak tidstyver - organisering - Helge Ristesund orienterte her om stadleg leing og tilsetting av stadlege koordinatorar i HMR. Brukarutvalet har ønskje om orientering i neste møte med tanke på oversikt over organisering og leing i HMR.
- Konstituering fagdirektør Torstein Hole. Utlyst stilling som fagdirektør.
- Jorun Bøyum er konst. klinikksjef i Klinikk for medisin og rehabilitering.
- HR-direktør er delvis tilbake og vil vere tilbake i full stilling etter ferien.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek sakane til orientering.

BU 30/2018 Status brukarrepresentantar i samarbeids- og kvalitetsråd i klinikkane.
(utan saksframlegg)

Protokoll:

Etter tilbakemelding frå alle klinikkane, la administrasjonen v/Helge Ristestund fram status for brukarrepresentantar i samarbeids- og kvalitetsråd i klinikkane.

Vedtak:

Arbeidsutvalet (AU) og sekretær i brukarutvalet vil saman sette opp sak til neste møte 11. september med forslag til oppnemning av brukarrepresentantar i alle klinikkane sine kvalitet- og samarbeidsråd.

BU 31/2018 Langtidsbudsjett Helse Møre og Romsdal 2019-2030 (styresak 2018/30)

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek saka til vitande.

Protokoll:

Brukarutvalet ser at det er store utfordringar for å sikre budsjettbalanse i føretaket framover. Brukarutvalet ber om at pasienttilbodet ikkje må reduserast på kvalitet og kapasitet som følgje av reduksjonar i økonomi og personalressursar.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek saka til vitande.

BU 32/2018 Orienteringssaker

Det blei gitt følgjande orienteringar i møtet:

- Pasient- og brukarombudet i Møre og Romsdal, Runar Finvåg
- Nasjonale pakkeforløp psykisk helse og rus v/Ole Lorvik
- Barneblikk v/Mette Grytten
- Barn som pårørende og Handlingsplan for koordinerende enhet, individuell plan og koordinator v/Anne Hollingen

Sjå presentasjonar på styreadministrasjonen.

Protokoll:

Brukarutvalet tar orienteringa frå Pasient- og brukarombudet om Årsmelding 2017 og Nasjonalt eldre, pasient og brukarombud til orientering. Finvåg orienterte at det no er ekstra fokus på saker innan psykisk helse og rus.

Når det gjeld koordinator og kontaktlege innan kreftbehandling ber Brukarutvalet om at helseføretaket får dette plass snarast.

Brukarutvalet har merka seg at orsaking på uheldige saker frå helseføretaket opplevast svært viktig for den pasienten saka gjeld.

- Nasjonale pakkeforløp psykisk helse og rus v/Ole Lorvik
- Brukarutvalet vedtar å oppnemne Torill Bøe som representant koordineringsgruppa for pakkeforløp. Vara: Anton Iversen.

Vedtak:

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal tek orienteringssakene til vitande.

BU 33/2018 Referatsaker**Innstilling:**

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF, tek referatsakene til orientering.

- Protokoll overordna samhandlingsutval 23. mai 2018.
- AU arbeider vidare med fokus på reforhandling av samhandling.
- RBU Protokoll 23.04.18
- Notat møte 12.04.18 regionalt nettverk for brukarutvalgene
- BU 33-2018 - Vedlegg 03 - 2018-04-10 Referat ASU-samling
- Innlegg fra Kristian Onarheim - Regionalt ASU april 2018 - Stjørdal
- Henvendelse fra ortopedisk avdeling - hoftelddsstudie
- Oppnemning av brukarrepresentasjon: Daniel Ask og vara Ingrid Løset.
- Kapasitet og kompetanse - til ASU
- ASU - Utviklingsplaner HFene

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF, tek referatsakene til orientering.

BU 34/2018 Eventuelt

- møte 18. juni med informasjon om Fasader Ålesund sjukehus. Inger Nossen Sandvik møter, - vara Ingrid Løset
- deltaking styremøte 12. september: Ingrid Løset og Atle Tangen.

BU 35/2018 Godkjenning av protokoll nr. 04/18 frå møte 12.06.2018.**Innstilling:**

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 04/18 frå møte 12.06.2018.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 04/18 frå møte 12.06.2018.

Møtet slutt kl. 14:45

Ingrid Løset

Ann Helene Skare

Inger Nossen
Sandvik

Atle Tangen

Anne Grete Mogstad

Anton Iversen

Asbjørn Ringdal
Gausdal

Jakob Strand

Hilde Marie Kleiven

Torill Bøe